

HØYRINGSUTTALE TIL **UTVIKLINGSPLAN** FOR HELSE FONNA HF

Frå Suldal kommune

Suldal kommune er ein kommune som ligg under Helse Fonna med Haugesund sjukehus som lokal sjukehus. Kommunen har eit godt samarbeid med Helse Fonna og har tatt inn over seg nasjonale prioriteringar og har gode helse- og omsorgstenester i tråd med dette.

Når utviklingsplan for Helse Fonna planlegg fleire utgreiingar utan å bli lagt i seng og meir behandling lokalt der pasienten bur, er det bekymringsfylt. Det betyr at meir behandling skal skje i kommunen og faren for nye re innleggingar aukar. Brukarstyrte senger for pasientar innan rus/psykiatri blir ikkje opplevd som eit reelt tilbod då reisetida er lang og pasienten må ordna transport sjølv, kan det vera høve for pasienttransport ? Det har skjedd endringar dei siste åra i høve meir behandling i kommunane som gjer det utfordrande å skaffa nok kompetanse til kommunen. Kommunane og spesielt små kommunar slit med å rekruttere fastlegar og anna helsepersonell med rett kompetanse, og med stadig meir oppgåver blir framtidsbilde utfordrande.

Helse Fonna viser til utstrekt bruk av ambulante tenester for å gi eit tilbod til pasientane nære der dei bur. Kommunar som ligg langt vekke frå Haugesund har nok ikkje den oppfatninga. Ei oppleving er at grensa ofte stopper i Vindafjord. Ved spesialisert behandling i kommunane må Helse Fonna vera viljug til å reise lengre for opplæring og oppfølging av pasientar. AAT team – reiser ikkje over avstandar som er over 45 min, Suldal kommune har i realiteten ikkje det tilbodet og slikt kan det ikkje vera.

Samarbeidsavtalane er det lagt opp til gjensidig hospitering, det går som regel ein veg, og det er inn til føretaket. For dei tilsette på føretaket må det vera lærerikt og sjå korleis tenestene fungera og kva utfordringar ein har i kommunar som ligg langt vekke frå spesialisthelsetenesta. Samstundes gjer det noko med samarbeidsklima då flyten går begge vegar.

Det vises til auka digitalisering og ny teknologi og føretaket vil ligga i front av utviklinga. Mykje ny teknologi er satt i system og Suldal kommune ser veldig positivt på utviklinga. Likevel har kommunen gitt fleire signal til føretaket at det må innførast Telemedisin. Kommunen er klar til å bestille medan det står på vent hjå føretaket. For å sleppe lang reiseveg til sjukehus er det eit godt tiltak at pasient og lege kan nytta teknologiske løysingar som gjer at diagnose/behandling kan stillast lokalt. Helse Fonna viser til preshospitale tenester der ambulansetenesta vil satse meir på IKT-løysingar. Suldal kommune har tilgang til ei velfungerande ambulanseteneste og ønskjer også å ha høg kompetanse på lokal legevakt. Suldal kommune har fått som gåve frå Sanitetsforeininga Cor Puls til legevaktsbil, og kommunen håpar å nytta den teknologien fullt ut. Kommuneoverlegen i Suldal har dialog med Norsk Luftambulans som jobbar med å få Cor Puls operativ til å sende informasjon i deira helikopter, og slik ein forstå det jobbar også Helse Fonna med å få det på plass. Det vil heve kvaliteten på akuttmedisinsk kardiologisk diagnostikk umiddelbart i vårt område. Suldal kommune ber om fortgang i prosessen.

Suldal kommune ønskjer framleis å vera ein god samarbeidspartnar for Helse Fonna

Levekårs utvalet i Suldal kommune v/ Ola Jelsa